



FORSAND KOMMUNE

LØLANDSTØLEN

FAKTA

Lengde: 3 timar

Passar for: Ikkje for dei minste

Parkering: Det er laga til ein parkerings-
lomme ved starten på stien.

Kartblad: 1312 IV: Frafjord

Verd å merka seg:

Stien har ein ganske bratt stigning og nokre parti er noko steinete.




Foto: Bjarne Oddane

OM TUREN

Stien startar litt til høgre for bekken som renn ned Tverrskaret og følgjer den gamle stølsstien oppover lia. Terrenget er forholdsvis bratt og steinete, men det byr ikkje på vanskar å ta seg fram. Stien følgjer terrenget og svingar seg oppover lia gjennom skogen. Høgare oppe svingar stien inn mot bekken som renner djupt nede i juvet. Der kor stien kryssar bekken, kan ein sjå steinmurane etter ei gamal høyløe. Vidare går stien langs bekken, som ein bare kan høyre der han renn skjult langt nede i ura. Vel oppe på myra finner ein Lølandstølen på venstre side. Dette kan vere turens endepunkt, men det anbefalast å følgje løypa vidare opp bak stølshytta og opp på høgda bak. Ved enden av ei lita myr støttar to kampesteinar seg mot kvarandre og dannar ein portal framfor eit smalt bratt skar. Gjennom "portalen" får ein utsikt nedover mot Espedalsvatnet. På den eine fjelltoppen like

bortanfor er det laga ein liten varde og herifrå kan ein sjå heile dalen. Frå her går løypa vidare ned og møter igjen stien ein gjekk opp på, like ovanfor steinmurane etter den gamle høyløa.

Historie og natur

I tida før 1900-talet hadde dei dyra sine oppe på Lølandstølen om sommaren. Forteljinga seier at budeia som hadde ansvar for mjølkinga gjekk opp på stølen og mjølka, og bar så mjølka ned stien til gards igjen – kvar dag.

Før i tida blei lindetrea styva og brukt til fôr til dyra. Enda i dag bruker nokre bønder å føre med lind dersom sauene blir dårlege og mistar matlysta på våren. Det er nå laga ein forvaltningsplan for området her, kor ein har starta opp att styvinga av over 200 lindetre.



